

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET  
Postboks 8010 DEP  
0030 OSLO

Avdeling for  
**Infrastruktur og veg (INV)**

---

|                  |                         |
|------------------|-------------------------|
| Dato             | 04.08.2022              |
| Vår referanse    | 2022/71945-1            |
| Dykkar referanse |                         |
| Sakshandsamar    | Matti Torgersen         |
| E-post           | Matti.Torgersen@vlfk.no |
| Telefon          | 92224656                |

## Gjennomgang av organisering av vegsektoren - Innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi viser til dykkar brev datert 7. juni 2022 «Invitasjon til innspelsmøte - gjennomgang av organisering av veisektoren», og til innlegg frå fylkesordførar Jon Askeland på digitalt innspelsmøte 23. juni 2022.

Vestland fylkeskommune viser vidare til brev frå KS datert 20. juni, og sluttar seg til dette innspelet. Særleg er det sentralt at oppgåveløysinga vert føreseieleg og langsiktig, og at oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå ligg fast for fylkeskommunen sitt vedkomande. Vi vil peike på at samferdselsområdet i Vestland fylkeskommune er i oppbyggingsfase. Vi har etablert ein velfungerande vegadministrasjon, som er ein attraktiv arbeidsgjevar særleg for yngre fagpersonar. Fylkeskommunen jobbar m.a. no kontinuerleg med å få meir veg for pengane, og å utnytte ressursane betre. Dette m.a. ved å gjennomgå prosjektporføljen, kritisk vurdere standardval og å utnytte moglegheitene til å nytte fråviksmoglegheitene som ligg handbok N100. Vestland fylkeskommune eig 5600 km fylkesveg - halvparten av samla riksveglengde i Norge - og må få tid til å utvikla organisasjonen vidare

Vestland fylkeskommune er også i god dialog med SVV og Nye Veier as, og dette er med på at vi i dag har fleire sterke fagmiljø som dels har same utfordringsbilete, og dels har ulikt perspektiv.

Vestland fylkeskommune meiner at Nye Veier as hittil har bidratt til innovasjon og stor kostnadsreduksjon i vegbygging. Statens vegvesen har hatt ei god utvikling som dynamisk og effektiv organisasjon etter omorganiseringa. Staten må samstundes sikra den politiske prioriteringa av prosjekt gjennom dei to verksemndene sine.

Vestland fylkeskommune meiner vidare at departementet bør spesielt vurdera myndighetsfunksjonen sin på samferdselsområdet slik at denne skiljast tydlegare ut i frå vegansvaret for riksveg. Vegdirektoratet bør ha ei mest mogleg uavhengig rolle for alle aktørane innan samferdselssektoren.

Vestland fylkeskommune meiner at departementet må sikra ei sterkare statleg koordinering og samordning av eigne aktørar for å ta ut synergiar og sikra effektive og samla utbyggings- og driftsprosessar. Døme er SVV/Nye Veier as og Jernbaneverket/Bane Nor/Kystverket, og konkrete døme er utbygginga av Vossebana/E16 Bergen-Voss og Stad Skipstunell.

Styringsretten bør styrkast for å kunne få meir veg for pengane. Handlingsrommet er i dag avgrensa gjennom eit detaljert regelverk med stadig strammare lovverk. Særleg skjer dette ved at det blir fleire skal -krav i vegenormalane, som inneberer at løysingar krev fråvik. Det er behov for eit meir fleksibelt regelverk der ein kan tilpasse vegutbygginga meir til lokale behov. Dette vil kunne bidra til at vi kan få meir veg for pengane, utan at dette er i motstrid mot det viktige arbeidet innan trafikktryggleik.

Det er også grunn til å peike på tungvinte godkjenningsordningar etter vegtrafikklova om skiltmynde, og vi ber om at skiltmynde for fylkesveg no vert overført til fylkeskommunane.

Det er vidare behov for opplæring og gode nettverk mellom vegeigarane. I dag framstår opplæringsbehovet som lite heilskapleg, og det er behov for å utvikle dette på ein meir systematisk måte. Ein bør legge større vekt på å finne fram til kunnskapsoppbygging og dei gode eksempla, framfor detaljerte byråkratiske godkjenningsordningar.

Byvekstavtalen er viktig for utviklinga av Bergensområdet og for å kunne nå nullvekstmålet. Dette samarbeidet må vidareutviklast, og finansiering av avtalen må sikrast.

Det er elles andre område der det er særleg behov for å få avklart ansvarsforhold og arbeidsdeling. Vi vil særleg peike på følgjande:

- Organiseringa innan jernbane synast fragmentert og lite effektiv med mange ulike selskap. Erfaringane frå godstransporten på Bergensbanen, tydar på for mange aktørar på eit underdimensjonert skinnenett.
- Vestland fylkeskommune meiner departementet bør vurdere å engasjere seg meir som medspelar med oss på kollektivområdet uavhengig av aktørane (Fylkeskommunane, kommunar, Vy m.fl.).
- Vestland fylkeskommune meiner situasjonen innan drosjenæringa må omstrukturerast. Innspel frå drosjeeigarar kan tyda på at mesteparten av tida vert brukt til å venta på tur, og at reell kapasitet er ned på 30%. Dette er verken bra for drosjeeigarar eller forbrukarane.
- Sektoransvar for trafikktryggleik på fylkesveg: Statens vegvesen ivaretok sektoransvaret for trafikktryggleik gjennom rettleiing og medverknad i planprosessar, og har moglegheit til å fremje motsegn til planer som er i strid med nasjonale eller regionale interesser. Etter regionreforma opplever vi at Statens vegvesen i mindre grad enn tidlegare går inn i planar med fylkeskommunale og kommunale vegar, og fremjar motsegn om trafikktryggleiken ikkje er ivaretake. Som ein stor vegeigar med høg og brei kompetanse på trafikktryggleik meiner vi sjølv at dette er riktig, sidan vi i dei fleste av desse tilfella vil kunne fremje motsegn sjølv som vegeigar med regionale interesser dersom trafikktryggleiken ikkje er ivarteke. Men, vi opplever at det er noko uklårt kvar grensa mellom myndene går, og kven som faktisk har ansvar for trafikktryggleiken. Vi opplever altså at trafikktryggingsansvaret hamnar mellom ulike mynder, og meiner at dette må ryddast opp i i det vidare, for å sikre den totale trafikktryggleiken på alle offentlege vegar.
- Vegar i funksjonsklasse D (lokale samlevegar) og E (lokale åtkomstvegar) med lågt trafikkgrunnlag bør vurderast overført til kommunane, under føresetnad av full økonomisk kompensasjon til kommunane over ramma i kommunesektoren. Fylkeskommunane får utgiftskompensasjon i inntektssystemet etter veglengde på fylkesveg, mens kommunane ikkje får det. Dette betyr at kommunane ikkje har økonomiske incentiv til å ta over lågtrafikkerte fylkesvegar. Det bør etablerast ei ordning for slik kompensasjon, eller så bør ansvarsdelinga mellom kommunar og fylkeskommunar for lokale lågtrafikkerte vegar bli endra.

Med helsing

**Gunhild Vangsnæs**  
Fung. Avdelingsdirektør  
INV - Forvaltning og utgreiing

**Matti Torgersen**  
Seniorrådgjevar  
INV - Utgreiing

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*